

Vinter

Program

Måndag

Bli kjent Elevane blir møtt med varm lunsj når dei kjem til Stryn leirskule kl. 12.00. Etter lunsjen går vi gjennom program, reglar og generell info om veka. Vekas første aktivitetsøkt er skiteknikk og skileik utanfor leirskulebygga. Her blir vi kjent med kvarandre før vi går ein liten tur mot Sølvbergstøylen. Etter middag blir det infomøte med lærarane medan elevane får innføring i kart og kompass.

Tysdag

«Survive»

For å «overleve» dagen må gruppene samle inn ein viss poengsum. Gruppene skal finne postar, samle poeng, rekne tid og ikkje minst samarbeide og hjelpe kvarandre. Her skal det brukast kart og kompass. Kjem di gruppe til å overleve? Heile dagen går føre seg i vakker natur i området bak leirskulen. Dette er ein dag som gir stort engasjement og mykje læring.

Etter middag blir det disco og kiosk! Dei som ynskjer kan vere ute i lysløypene eller leike i snøen. Ta gjerne med hodelykt☺

Onsdag:

«Winter games»

Det er musikk på anlegget, felles innmarsj og ein enkel åpningssermoni. Med base i hoppbakken skal vi lage til leikar og konkurransar som vil utfordre balanse, samarbeid, tøffheit, koordinasjon og ikkje minst lattermusklane. Både ski, akebrett, luftgevær og ballar vil bli brukt for å løyse oppgåvene. Vi garanterer at alle skal oppleve meistring og glede denne dagen. Har du prøvd menneskecurling på ski? Berre å glede seg!

Vi tek lunsjen ute over opent bål. Etter lunsj kan ein velje mellom ulike aktivitetar og konkurransar.

På kvelden blir det bingo med smakfulle premiar☺.

Torsdag

Topptur/skitur

Denne dagen prøver vi oss på Bergsetnakkjen som ligg 1133 moh. Ein flott tur som ved fint ver gir fantastisk utsikt og meistringsoppleving utan like.

Dei som vil gå ein mindre krevjande tur går på langrenn til Nåsekleiva som byr på fine langrennsspor heile vegen med ei flott utsikt over Nordfjorden. På kvelden blir det pizza til kvelds. Denne varmer vi enten inne, på bål utanfor huset, eller i Villmarksleiren. Elevane kan gjerne forberede underhaldningsbidrag som kan gjennomføres denne kvelden. Det er moglegheit for elevane å sove ute i gapahuk/villmarksleiren siste natta. Leirskulelærarane har ikkje høve til å vere med så her må eigne lærarar trå til.

Link til side som skal endres:

<https://www.naturlegaktiv.no/stryn-leirskule-vinter>

Fredag

Vi bruker siste dagen til pakking, rydding/vasking og uteleik. Vi avsluttar med varm lunsj før heimreis